

Årsmøtereferat Sogndal Idrettslag Fotball 2025

Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:

- Tangerud, Wilhelm Fredrik (09.03.1975), signert 05.05.2025 med Signicat Sign BANKID
- Langeland, Therese (28.11.1991), signert 05.05.2025 med Signicat Sign BANKID



Det signerte dokumentet inneholder

- En forside med informasjon om signaturene
- Alle originaldokumenter med signaturer på hver side
- Digitale signaturer



Dokumentet er forseglet av Posten Norge

Signeringen er gjort med digital signering levert av Posten Norge AS. Posten garanterer for autentisiteten og forseglingen av dette dokumentet.



Slik ser du at signaturene er gyldig

Hvis du åpner dette dokumentet i Adobe Reader, skal det stå øverst at dokumentet er sertifisert av Posten Norge AS. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke er endret etter signering.

ÅRSMØTEPROTOKOLL

Den 29.april 2025 vart det halde ordinært årsmøte for Sogndal IL Fotball.

Det var 138 personar tilstades ved møtestart, 119 av desse medlemmar med stemmerett.

\$11 Årsmøtets gang

0. Opning- Styreleiar Jan Rune Årøy opna møtet kl 1806.
1. Godkjenning av dei som har stemmerett. *Dei 119 med stemmerett vart godkjent*
2. Val av dirrigent(ar). *Rasmus Mo vart samrøystes vald som dirrigent*
3. Val av protokollførar(ar). *Øyvind Heimset Larsen vart samrøystes vald som referent*
4. Val av to medlemmer til å skrive under protokollen. *Therese Langeland og Wilhelm Tangerud vart samrøystes vald til å skrive under protokollen*
5. Godkjenning av forretningsorden. *Forretningsorden vart samrøystes godkjent*
6. Godkjenning av innkalling. *Innkallinga vart samrøystes godkjent.*
7. Godkjenning av sakliste. *Saklista vart samrøystes godkjent.*
8. Behandle årsmeldinga. Årsmeldinga vart presentert av dagleg leiar Gisle Olsen. *Årsmeldinga vart samrøystes godkjent.*
9. Behandle
 - a. Rekneskapen til idrettslaget. Dagleg leiar gjekk først gjennom årsrekneskap og balanse klubb. Deretter balanse for konsern. Eigenkapitalen er auka. Gjelda er redusert, men likviditeten er pressa. Dette avgrensar handlefridom på kort sikt. Klubben er i gul sone i NFF sine lisenskrav og konsernet står enno sterkare.
 - i. Revisjonsmeldinga har godkjent rekneskapen
 - ii. *Årsmøte tok rekneskapen til vitande.*
 - iii. Medlem Rolf Navarsete tok ordet og held innlegg med historisk refleksjon
 - b. Den økonomiske meldinga frå styret.
 - i. Styreleiar Jan Rune Årøy orienterte om status og historisk utvikling. Økonomisk står klubben bra, men vi slit med likviditeten. Det er tatt grep som gjer at kostnadane er på veg ned.
 - ii. Justert for andre postar går ca 40 mill. av 68 mill. av inntekter til A-laget. Styret har satsa så mykje som det er forsvarleg på sportsleg resultat.
 - iii. Spørsmål om at arbeidskapital konsern var negativ i 2023 og 2024. Seinare byggelåneopptak for å utsetje rentekostnad. Positiv effekt i 2025
 - iv. *Årsmøte tok den økonomiske meldinga til vitande*
 - c. Eventuell melding frå kontrollutvalet. *Ingen melding var innsendt*
 - d. Eventuell melding frå engasjert revisor. *Revisjonsrapport frå Deloitte er levert: godkjent*
10. Behandlar andre saker som kjem fram av godkjend sakliste. *Ingen innkomne saker.*
11. Vedta budsjettet. Dagleg leiar Gisle Olsen orienterte om framlegget og svara på spørsmål med støtte frå styreleiar Årøy. Og om handlingsplan. Det er budsjettet med underskot. Kostnadsbilde aukar heile vegen. Det må visast att i avgifter, men må forklarast godt. Spørsmål og innspel frå medlemmar:
 - a. Er ein alt i mål med sponsorbudsjett? DL rapporterer at ein er snart er i mål i år.
 - b. Kostnadssprekk på millionar i fjor. I år? Klubben tek grep med handlingsplan.
 - c. Bom på 2 mill. i gåver i fjor? I år? Dette er beste estimat og vi kan ikkje vere sikre.
 - d. Spørsmål om kva medieavtalemidlar er. Det vart forklara
 - e. Treningsavgift har auka ca 25%. Framover? Det dekkjer kostnader no. Justeringar.
 - f. Oppmoding om å påverke Sogndal kommune til å auke potten til treningsavgifter.

Dokumentet er signert digitalt av:

- Tangerud, Wilhelm Fredrik (09.03.1975), 05.05.2025
- Langeland, Therese (28.11.1991), 05.05.2025

Forseglet av



Posten Norge

- g. Lære av klubbar som Odd og Kristiansund med langt større avtale med bankar om kassakreditt? Dagleg leiar rosar gode medspelarar i situasjonen vi er i.
- h. Kva er auke med 1 million i kampdagsinntekter? Vi har eigne tiltak som Kronekamp, som er ekstraordinære tiltak denne sesongen.

Styret gjer framlegg om ny medlemsavgift for Sogndal Idrettslag Fotball som føl regelverk.

Årsmøte vedtok etter kort debatt styret sitt framlegg kr 50 i medlemskontingent.

12. Behandle organisasjonsplanen til idrettlaget. *Ingen framlagt plan å handsame*

13. Val : Valnemnda la fram si innstilling

- a. Styre med leiar, nestleiar og 3-7 styremedlemmer.
 - i. Dei tre medlemmane i valnemnda var Margrethe Svidal, Tonje Tangerud og Dagfinn R Johannesen. Svidal og Tangerud la fram innstillinga.
 - ii. Nemnda har køyrt ein brei prosess, med skriftleg kartlegging og gode tilbakemeldingar frå dei som sat i styret. Dei snakka så med veldig mange. Så kom utsettinga i mars, men det vart hektisk heilt inn. Dei takkar for mange gode innspel og kandidatar. Valnemnda la fram det dei meiner er kompetente kandidatar og las opp innstillinga som er:
 - 1. Jan Rune Årøy som styreleiar,
 - 2. Knut Armand Iversen som nytt styremedlem
 - 3. Tom Rune Kongelf som styremedlem.
 - 4. Andre Solbakken som attvald styremedlem
 - 5. Kontrollkomite: Karin Vikane, ny for to år. Tor Arne Ness for eit år.
 - iii. Medlem Vidar Vadseth spelar inn ny annan kandidat til styrevervet: Tore Dvergsdal. Dvergsdal seier ja til å ta på seg vervet om han blir vald.
 - iv. Medlemmane Torgeir Strypet og Trond Helgesen vart samtidig nominert som styremedlemmar. Vadseth tok seinare ordet og motiverte for alle kandidaten og prosessen bak og dialog med valnemnda.
 - v. Debatt før votering:
 - 1. Tore Dvergsdal presenterte seg og motivasjonen for å bidra etter å ha følgt klubben i 20 år og la fram visjon om engasjement, fylkesperspektiv og potensiale for å få med næringslivet i heile fylket med ei tydeleg retning og god dialog med sponsorar.
 - 2. Torgeir Strypet presenterte sitt og Helgesen sitt kandidatur.
 - 3. Styremedlem Nina Munthe Olsen, medlemmane Kristian Ask, Knut Munthe, Bjørn Tore Årevik, Jone Fylling, Egil Mundal og Rolf Navarsete held innlegg med synspunkt og oppmodingar.
- b. Gjennomføring av VAL:
 - i. Styreleiar. Hemmeleg avstemning etter oppmoding frå eit medlem. Oppteljing gjennomført: Terje Teigen og Gisle Olsen talde opp med Arve Uglum som observatør. 119 stemmer. Jan Rune Årøy fekk 68 stemmer. Tore Dversdal fekk 51. *Jan Rune Årøy vart vald som styreleiar*
 - ii. Årsmøte skal velje to nye representantar. Med benkeforslag skal medlemmane veljast kvar for seg. Dette tok diverre tid av teknisk årsak.
 - 1. Knut Armand Iversen vs Trond Helgesen: 92 var stemmeføre. – Iversen fekk 47 stemme, Helgesen 45. *Knut A. Iversen vart vald*
 - 2. Benkeforslag på Strypet vart så trekt. *Tom Rune Kongelf vart vald*



3. Andrea Solbakken ønskte attval og valnemnda innstilte henne.
Andrea Solbakken attvald ved akklamasjon
 4. *Trude Ramstad, Øyvind Heimset Larsen og Nina Olsen Munthe er ikke på val i år og held fram i styret.*
- iii. Kontrollutval med 2 til 3 medlemmer.
1. Tor Arne Ness – etter spørsmål og kontroll er Ness ikke valbar.
Jone Fylling foreslår Vidar Vadseth. *Vadseth vald for eit år.*
 2. Karin Vikane, ny for to år. *Karin Vikane vart vald for to år.*
- c. Valkomite med 2 til 3 medlemmer. Styret innstiller Tonje Tangerud til attval og Jan Ketil Fardal og Rasmus Mo som nye. *Årsmøte valde dei tre ved akklamasjon*
- d. Val av revisor- Framlegget er Deloitte. *Årsmøte valde Deloitte ved akklamasjon.*
- e. Representantar til ting og møte i dei organisasjonledda der idrettslaget har representasjonsrett, eller gi styret fullmakt til å utnemne representantane.
- i. *Styret får fullmakt frå årsmøte til å utnemne representantane.*
- f. Eventuelt andre val i samsvar med organisasjonsplanen til idrettslaget.
- i. *Ikkje behandla og saka fell frå.*

Protokollen vart så vedteken

Sogndal 29.april 2025

Dokumentet er signert digitalt av:

- Tangerud, Wilhelm Fredrik (09.03.1975), 05.05.2025
- Langeland, Therese (28.11.1991), 05.05.2025

Forseglet av



Posten Norge